



Sel kommune

Utskrift av møtebok

Arkivsak: 2006/638-6
Arkiv: A10
Saksbehandler: Ola Hage
Dato: 19.11.2007

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
51/07	Driftsutvalget	10.12.2007
128/07	Kommunestyret	17.12.2007

Endringar i barnehagelova - Høyringsvar frå Sel kommune

Vedlegg:

Endring i barnehagelova – Framlegg til høyringsuttale frå Sel kommunestyre

Andre saksdokumenter (ikke vedlagt):

Høyringsdokument vedr. endring av barnehagelova.

Brev frå Private barnehagers landsforbund

Brev frå private barnehagar i Sel

Saksutredning

Kunnskapsdepartementet har sendt framlegg til endringar av barnehagelova ut på høyring. Framlegget handlar om dette:

1. Innføring av lovfesta rett til barnehageplass

Bakgrunnen for å innføre ein lovretta rett til barnehageplass, er den vide samfunnsmessige betydninga som barnehagane har. I framlegget legg departementet opp til at alle barn som har fylt 1 år ved oppstart av barnehageåret, skal ha rett til barnehageplass. Kommunane vil få eit finansielt ansvar for barnehagesektoren.

2. Innlemming av statstilskotta til barnehagar i inntektssystemet til kommunane (Rammefinansiering)

Kommunen får økonomisk ansvar for sektoren gjennom rammefinansiering. Gjennom dette får kommunane eit heilskapleg ansvar for sektoren.

3. Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Departementet gjer framlegg om at kommunen skal ha finansieringsplikt for eksisterande ikkje-kommunale barnehagar. Finansieringsplikta kan regulerast gjennom **a)** Lokalt utforma forskrifter eller **b)** Statleg regulering av finansieringsplikta.

Departementet foreslår vidare at nyetablerte barnehagar ikkje automatisk skal ha rett til finansiering. Dette kan regulerast ved **a)** Fritt kommunalt skjønn eller **b)** Begrensa kommunalt skjønn.

4. Innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren

Grunnen til at departementet foreslår ein lovheimel og ein forskriftsheimel i barnehagelova for innhenting av nødvendige data, er at ein vil gjennomføre langsiktig forskning på gruppe- og individnivå for dei som går i barnehagen.

Sak på fagmøte

Framlegget til endring i barnehagelova var oppe som sak på fagmøte for styrarane 29.11.07.1 Styrarane var særleg opptekne av at kvaliteten på barnehagetilbodet vart halde oppe også etter at barnehagelova vart endra. Det vart mellom anna peikt på talet på barn pr. gruppe, at det var kvalifisert personell i alle stillingar og at det var god barnehagefagleg kompetanse på kommunenivået. Det vart også peikt på at personvernet var viktig når ein skulle hente inn data om barn i barnehagane.

Uttale frå andre

Kommunen har fått uttale frå Private barnehagers landsforbund, og frå Smurfen barnehage. Uttalene ligg på saka (ikkje vedlagt).

Vurdering

Administrasjonssjefen meiner at kommunen bør leggje vekt på dette i uttalen om endring i barnehagelova:

1. Lovfesta rett til barnehageplass

Rett til barnehageplass vil bli det same som retten til grunn- og vidaregåande opplæring, noko som vi har hatt lenge. Skilnaden er at det ikkje fører plikt med barnehageretten. Det kan difor bli ei utfordring å ha eit høveleg tal på barnehageplassar i kommunen. Akkurat nå har vi ein del ledige plassar i kommunen vår. Administrasjonssjefen meiner at det er viktig å halde kvalitetsfana på barnehagetilbodet høgt også etter lovendringa. Ein vil sjå det som nødvendig at rammetilskotet tek høgde for at ein må liggje med ein del ledige barnehageplassar i kommunen når alle får rett til eit barnehagetilbod.

2. Rammefinansiering.

Administrasjonssjefen meiner at kommunestyret bør slutte seg til framlegget om **rammefinansiering** av barnehagesektoren. Det vil vera ein føresetnad at ein får full utgiftsdekning for kvar kommune, og at det blir ein viss nøytralitet i fordelinga mellom kommunale barnehageplassar og plassar drivne av andre. Likeeins bør behovet for plassar regulere balansen mellom private og kommunale barnehagar, og ikkje finansieringsordninga frå staten si side.

3. Finansiering av private barnehagar.

Kommunen har det fulle og heile ansvaret for at alle med rett til barnehageplass, får plass. Administrasjonssjefen meiner difor at overføring av tilskot til dei private barnehagane bør skje via kommunane via eit regelverk, fastsett lokalt. Likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar bør liggje fast.

4. Innhenting av data frå barnehagesektoren

Administrasjonssjefen ser det som positivt at det blir innhenta data frå barnehagesektoren. Dette vil mellom auke statusen til det arbeidet som blir gjort i

barnehagane, og det vil auke kvaliteten på barnehage tilbudet. Det må takast nøye omsyn til personvernet i innsamling av data.

Administrasjonssjefens forslag til innstilling:

Sel kommunestyre godkjenner den vedlagte høyringsuttalen til endringar i barnehagelova.

Behandling i Driftsutvalget - 10.12.2007:

Hanna Bøe, Krf foreslo ny ordlyd i pkt 3 under vurdering vedr. finansiering av private barnehager:

3. Finansiering av private barnehager

Kommunen har det fulle og heile ansvaret for at alle med rett til barnehageplass, får plass. Administrasjonssjefen meiner difor at overføring av tilskott til det private barnehagane bør skje via kommunane via regelverk for tilskott som er forutsigbart og etter prinsippet om likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar bør liggje fast

Forslaget fra Hanna Bøe, Krf ble enstemmig vedtatt

Vedtak i Driftsutvalget - 10.12.2007:

Sel kommunestyre godkjenner den vedlagte høyringsuttalen til endringar i barnehagelova, med endringar under pkt 3. Finansiering av private barnehager

Kommunen har det fulle og heile ansvaret for at alle med rett til barnehageplass, får plass. Administrasjonssjefen meiner difor at overføring av tilskott til det private barnehagane bør skje via kommunane via regelverk for tilskott som er forutsigbart og etter prinsippet om likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar bør liggje fast

Behandling i Kommunestyret - 17.12.2007:

Forslag fra Ap v/Anita Sletten Nuvstad:

Sel kommunestyre støtter at nyetablerte barnehager ikke automatisk skal ha rett til finansiering. Dette bør reguleres etter fritt kommunalt skjønn.

Driftsutvalgets innstilling enstemmig vedtatt.

Forslaget fra Ap v/Anita Sletten Nuvstad enstemmig vedtatt.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2007:

Sel kommunestyre godkjenner den vedlagte høyringsuttalen til endringar i barnehagelova med de vurderinger som ble foretatt i møtet.

Rett utskrift:

Dato: 19.12.07. Marie Andreassen

Sekrt.

VEDLEGG

Endringar i barnehagelova – Framlegg til høyringsvar frå Sel kommunestyre

Sel kommunestyre tek framlegget om lovfesting av rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år, til etterretning. Kommunen er klar over dei pliktene denne retten påfører kommunen. Kommunestyret vil likevel peike på at det vil vera vanskeleg å fastsetje nøyaktige tal på kor mange barnehageplassar som det til kvar tid vil bli bruk for. Derfor må det leggjast til rette for at kommuneøkonomien kan bera ei viss overdekning i talet på plassar. Likeeins må kvalitetskrava til barnehagetilbodet haldast høgt. Det trengst også eit regelverk som er fleksibelt nok til at kommunane i avgrensa periodar kan dispensere frå dei generelle krava til bygningar og personell.

Sel kommunestyre ser positivt på at finansieringa av barnehagane blir lagt inn i det statlege rammetilskotet frå og med 2010. Finansieringa må bygge på prinsippet om fullfinansiering av reformer, og på eit system som er nøytralt i høve til talet på kommunale og private barnehageplassar i den enkelte kommunen.

Sel kommunestyre vil peike på at ettersom det er kommunen som har plikt til å stille barnehageplassar til rådvelde, må også overføringa av tilskot til dei private barnehagane skje via kommunen. Kommunen utarbeider regelverk for tilskota etter prinsippet om likeverdige økonomisk behandling av private og kommunale barnehagar, og med heimel til å stille dei same kvalitetskrava til private og kommunale barnehagar.

Sel kommunestyre ser det som positivt at det blir innhenta data frå barnehagesektoren. Dette vil auke stausen til det arbeidet som blir gjort i barnehagane, og det vil auke kvaliteten på barnehagetilbodet. Det må takast nøye omsyn til personvernet når data skal samlast inn.